



2020

# HEMSEDAL KOMMUNE



Årsmelding

2020

**INNHALD**

<b>1</b>	<b>Kommunedirektøren sine resultatvurderingar .....</b>	<b>4</b>
<b>2</b>	<b>Samfunnsperspektivet .....</b>	<b>5</b>
2.1...	Folketal .....	5
2.2...	Politisk verksemd og organisasjonskart .....	6
2.3...	Bulyst (Bygd- og stadsutvikling, kultur, idrett og organisasjonsliv).....	8
2.4...	Livsløp.....	9
2.5...	Miljø (Kulturarv, ressurs,- og miljøforvaltning) .....	9
2.6...	Næringsliv (Innovasjon, utbygging, landbruk og samferdsel) .....	10
<b>3</b>	<b>Tenesteperspektivet .....</b>	<b>11</b>
3.1...	Kultur og oppvekst .....	11
3.1.1	Barnehagene.....	11
3.1.2	Skulene .....	12
3.1.3	Kulturskulen.....	12
3.1.4	Biblioteket.....	12
3.2...	Helse- og omsorgsetaten .....	13
3.2.1	Helse for born og unge .....	13
3.2.2	Omsorgstenesta.....	13
3.2.3	Psykisk helse .....	13
3.2.4	Legetenesta .....	14
3.2.5	Fysioterapi- og ergoterapi .....	14
3.2.6	Bråtenjordet .....	14
3.2.7	Koordinerande eining/ stab (KE) .....	14
3.2.8	Integreringstenesta .....	15
3.3...	Teknisk etat .....	15
3.3.1	Eigedom .....	16
3.3.2	Renovasjon, vatn og avlaup .....	16
3.3.3	Veg- og anlegg .....	17
3.3.4	Matrikkel, plan og byggesak .....	17
3.3.5	Landbruk, miljø og næring.....	18
<b>4</b>	<b>Medarbeidarperspektivet.....</b>	<b>18</b>
4.1...	Samarbeid med tillitsvald og vernetenesta.....	18
4.2...	Kompetanseutvikling.....	18

4.3... Arbeidsmål .....	19
4.4... Sjukefråvær .....	19
4.5... Internkontroll .....	20
4.6... Etikk .....	20
4.7... Likestilling .....	20
<b>5 Økonomiperspektivet.....</b>	<b>22</b>
5.1... Driftsrekneskap .....	22
5.2... Vesentlege avvik imellom årsbudsjettet og årsregnskapet .....	23
5.3... Vesentlege avvik frå kommunestyret sine premissar for bruk av løyvingar .....	24
5.4... Driftsinntekter .....	24
5.5... Driftsutgifter .....	25
5.6... Løn og sosiale utgifter .....	26
5.7... Verksemdene .....	27
5.7.1    Kommunedirektør med stab .....	27
5.7.2    Kultur og oppvekst.....	29
5.7.3    Helse og omsorg .....	30
5.7.4    Teknisk .....	31
5.8... Investeringsrekneskapen.....	31
5.9... Balansen .....	32
5.9.1    Fondskapital.....	32
5.9.2    Lånegjeld.....	33
5.9.3    Andre fordringar .....	34
<b>6 Hemsedal kommune i eit økonomisk perspektiv.....</b>	<b>34</b>

# 1 Kommunedirektøren sine resultatvurderingar

Årsmeldinga er administrasjonen sin rapport til kommunestyret om ressursbruk og resultat i året som gjekk og er eit av kommunen sine viktigaste styringsdokument. Årsmeldinga viser at kommunen har høg aktivitet og eit breitt fokus i sitt virke. Folkevalde og tilsette har alle ei viktig rolle i Hemsedal kommune sitt samfunnsoppdrag – yte gode tenester og med det sikre at Hemsedal er ein god og trygg kommune å bu i.

## Covi-19 effekten

Frå då Norge vart stengt ned i mars 2020 vart aktiviteten og tenesteproduksjonen sterkt prega av situasjonen. For mange vart det overgang frå smittevernarbeid på beredskapsplannivå til aktivt smittevernarbeid i det daglege. Hemsedal kommune som organisasjon har så langt stått seg godt igjennom pandemien. Det er utøvd godt leiarskap og dei tilsette sin vilje til å strekke seg langt har vore stor.

Samarbeidet mellom kommune og næringsliv har fungert godt. Når pandemien ramma fekk det store konsekvensar for næringslivet og arbeidsløysa steig kraftig. Dette betra seg noko utover i året, og ein har i fellesskap hatt stort fokus på å utvikle gode rutinar og prosedyrar inn mot ny vintersesong.

## Bu- og samfunn

Kommunen fekk god folketalsutvikling i 2020 med ei auke på 60 personar. Held trenden fram ligg kommunen godt i rute til å nå målet om 3000 innbyggjarar i 2030. Som vekstkommune, men også stor hyttekommune er det behov for å bygge økonomiske musklar. I 2020 vart eigedomsskatten endra til alminneleg eigedomsskatt på hus, hytter og næring, som eit nødvendig verkemiddel for å utvikle Hemsedalsamfunnet. Dette for m.a. å kunne halde tritt med auka behov innanfor skule, barnehage, helse, større veganlegg, areal til hus, hytter og næring.

Pandemien til trass har kommunen gjort viktige vedtak for å sikre god samfunnsmessig utvikling:

- Ny kommuneplan - samfunnsdel
- Sikra areal for nye bustadtomter både i Fridalen (BU7), Rudningen og bustadfelt mellom Torsetvegen og Fiskumvegen (BK2)
- Oppstart og anbudsprossessar knytt til sentralskule, omsorgsbustader og utviding av høgdebasseng
- Prinsippavklaring - fritidsbustad som bustad

## Næring

Kommunen har hatt eit godt samarbeid med destinasjonsselskapet om Strategiarbeid Hemsedal 2030, samt handlingsplan for sertifiseringsordninga Bærekraftig reiseliv. Som eit ledd i arbeidet med å utvikle Hemsedal til ein heilårsdestinasjon gjorde kommunen vedtak om å støtte «Masterplan for terrengsykkel 2019-2022» finansielt med tilskot, driftsgaranti og forskottering av spelemidlar.

For å dempe effekten av Covid-19 pandemien har kommunen ytt stønad til næringslivet og forvalta utdeling av statlege midlar. Det vart opna for moglegheiter for å søke om lemping av eigedomsskatt på bakgrunn av økonomiske effekt av Covid-19.

## Organisasjon og leiarskap

I 2020 har kommunen vore styrt av 3 rådmenn/kommunedirektørar. Jan Olav Helling ut mai 20, Ola Frogner konstituert i perioden 01.06.20 – 30.09.20, og Reidun K. Halland nyttilsett frå 01.10.20. Organisasjonen har hatt ein del vakanse. Mykje ressursar har vore bunde opp til å handtere Covid-19 pandemien. Det har vore køyrt FoU prosjekt innan Helse og Oppvekst

### Økonomi:

Hemsedal kommune har eit netto driftsresultat på 24,9 mill. i 2020, mot 5,5 mill. året før. Med ein driftsmargin på 7,9 % ligg kommunen godt over anbefalinga frå Kommunaldepartementet om at kommunane bør ha eit netto driftsresultat høgare enn 1,75 % av brutto driftsinntekter.

Det solide resultatet kjem på trass av nedgang i ordinært rammetilskot og auke i kostnader knyta til virusutbrotet. Ekstra tilskot frå stat og fylkeskomme har kompensert for auke i kostnader, og ulik andre kommunar i Noreg, har Hemsedal hatt god vekst i skatteinntekter. Samstundes har innføring av utvida eigedomsskatt auka kommunen si handlefridom vesentleg.

Den årvisse endring i pensjonspremieavvik- og fond påverkar driftsresultatet positivt med 6 mill. og Hemsedal Energi bidrar med 9 mill. i inntekter. Justert for desse to forholda og 10 mill. i auke i eigedomsskatt, går den underliggjande drifta i kommunen tilnærma i null. For å sikre ei berekraftig økonomi i framtida vil me i løpet av 2021-2022 gjennomføre ei generell vurdering av tenestetilbodet i kommunen.

Med dei gode resultatata i 2020 har disposisjonsfondet til kommunen auka til 73,6 mill. Kommunen står såleis betre rusta til å møte auka investeringsbehov som kjem som følge av at Hemsedal er ein kommune i vekst.

Det er givande å jobbe for lokalsamfunnet, og sjølv om det kan vere travle dagar er det ei stor glede å kunne samarbeide med politisk nivå, tilsette, tillitsvalde, næringslivet og frivillig sektor. Kommunedirektøren vil takke alle for innsatsen i 2020!

Hemsedal, 30.03.2021

Reidun K. Halland  
Kommunedirektør frå 01.10.20

Ola Frogner  
Kommunedirektør 01.06.20 – 30.09.20


## **2 Samfunnsperspektivet**

Samfunnsperspektivet omhandlar kommunen som samfunnsaktør som skal utvikle kommunen i den retning innbyggjarane ønskjer. Det skal leggest til grunn forvaltning, tenesteproduksjon, strategisk planlegging og næringsutvikling på tvers av etatar.

### **2.1 Folketal**

Hemsedal hadde ved årsskifte 2546 innbyggjarar. Det er ei auke på 60 personar i 2020. Den store auka skyldast i all hovudsak høg nettoinnflytting (inkl. inn- og utvandring). Fødselsoverskotet var på 8 (mot 2 året før).

Det er ei høgare del personar i aldersgruppa 30-55 år i Hemsedal samanlikna mot hele landet (sjå diagrammet under). Det er òg ei høgare del i aldersgruppa 0-4 år, og talet for fødde er aukande (30 fødde i 2020, mot 22 fødde året før).



Diagrammet over illustrerer aldersfordelinga for folketallet i 2020.


## 2.2 Politisk verksemd og organisasjonskart

Kommunestyret har hatt fylgjande samansetning i 2020:

Pål Rørby, <b>ordfører</b>	Senterpartiet
Petter Owesen, <b>varaordfører</b>	Arbeiderpartiet
Norunn Rivedal	Senterpartiet
Nils Erik Finset	Senterpartiet
Hege Elisabeth Falck-Andersen	Senterpartiet
Petter Brennhovd	Senterpartiet
Anders Edvard Snildal	Senterpartiet
Helene Sagabråten	Arbeiderpartiet
Kjell Erik Skølt	Arbeiderpartiet
Andreas Smith-Erichsen	Høgre
Jan Egil Halbjørhus	Høgre
Anne Grethe Fremgaard	Høgre
Camilla Cecilie Underland	Høgre (permisjon i perioden 02.09.20 – 31.12.20)
Richard Taraldsen	Høgre (vikar for Underland i perioden 02.09.20 – 31.12.20)
Jørgen von Tangen	Høgre
Ingar Nergård	Kristeleg Folkeparti
Steinar Bleken	Venstre
Arnt Skansen	Sosialistisk Venstreparti


## Politisk organisering

Hemsedal kommune er organisert etter hovudutvalsmodellen, med delegering frå Kommunestyret. Formannskap fungerer og som kommuneplannemnd.



## Administrativ organisering

Administrativt er kommunen organisert med ein etatsmodellen med 3 etatar.



Tabellen under viser utvikling i talet på politiske saker frå 2014-2020:

Saker	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Kommunestyret	92	116	143	98	106	130	145
Formannskap	92	80	93	80	70	85	65
Plan og ressurs	105	97	100	104	106	91	75
Livsløp	39	54	87	43	50	45	51
Kommuneplanutvalet				16	20	30	14

Tabellen under viser delegerte saker fordelt på utval.

Delegerte saker	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Plan og ressurs	394	465	470	484	503	528	530
Livsløp	15	24	14	36	28	28	16

Tabellen under viser utvikling i mengden dokument handtert gjennom kommunen sitt sakshandsamingsystem.

Registrerte journalposter	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
	12 083	13 566	13 877	12 731	15 253	17 126	19 012

## 2.3 Bulyst (Bygd- og stadsutvikling, kultur, idrett og organisasjonsliv)

		Gode resultat, gjennomført eller i rute
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
		Manglande resultat – ikkje gjennomført
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status
1.	Opparbeide bustadfeltet BU7. Oppstart av bustadregulering BU6	Regulert 57 einingar - Inngått avtale med grunneigar som gjennomfører utbygging frå haust 2020
2.	Omregulere bustadfeltet Trøym og Tuv – auka fortetting og utnytting	Ferdig regulert Tuv – Trøym lagt ut på høyring.
3.	Utfordre næringa på realisering av sesongarbeidarbustad	Ikkje realisert – men tema ved oppstart av reguleringsplanar jfr. sjekkliste.
4.	Stimulere unytta privat «bustadpotensial» i sentra Tuv, Trøym, Ulsåk	Grunneigarar tilskrive – forretnings- og bustadareal for sal på Ulsåk.
5.	Følgje opp buplikt - alle bustader skal nyttast i høve føremål	Ikkje kapasitet grunna corona og tilgang på frie ressursar.
6.	Følgje opp «områdemodell» som sikrar finansiering av «infrastruktur/ grøn infrastruktur» i Trøym sentrum – Holdebakken	Samarbeid med HIAS etablert, samarbeid om gjennomføring. Hydrologiske avklaringar for Trøym sentrum pågår.

7.	Etablere ein modell for «aktive lokalsamfunn» der ansvar frå «kommunalt» til «lokale» vert tydeleggjort, og forventningsavklaring formalisert - partnerskapsavtaler med vel, lag og organisasjonar	Prosjektplan utarbeida, men ikkje forankra – Covid effekt og mangel på ressursar for gjennomføring.	
8.	Ferdigstille Kulturminneplan – innarbeide tiltak i økonomiplan	Innleigd konsulent ikkje levert i tråd med avtale – sagt opp avtale. Grunna covid og ressursituasjon stoppa prosessen.	
9.	Identifisere indikatorar for tilflytting/utflytting, og systematisere desse til «produktpakkar, fadderordning» - jobb - bustad - barnehage- kultur	Covid-effekt – mangel på ressursar for gjennomføring	
10.	Revidere planstrategi for 2020-2023	Gjennomført i tråd med plan.	

## 2.4 Livsløp

		Gode resultat, gjennomført eller i rute	
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
		Manglande resultat – ikkje gjennomført	
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Utvikle eit tettare samarbeid med dei frivillige	Møter kva 14. dag. Implementert Nyby	
2.	Ta i bruk nye velferdsteknologiske løysingar	Leverandør valt i Hallingdal. Implementere velferdsteknologi vil skje kontinuerleg	
3.	Utarbeide ein overordna helse- og omsorgsplan	Under arbeid	
4.	Gjennomføre OU-prosessen innan helse	Implementeras 1/6-21	
5.	Utarbeide ein plan for tilbud til levekårsutsette barn og unge	Utsetje til Familiens hus er etablert	
6.	Sette i verk tiltak jf. Ungdata	Ungdomslos er delvis innført som 3-årig satsing med full drift hausten 2021. Målgruppe: Elevar som står i fare for å droppe ut på VGO	
7.	Innføre betre tverrfagleg innsats (BTI) som verktøy for tidleg innsats, betre samordna tenester, brukarmedverknad	BTI er innført. Digitalise prosjektet i Hallingdal i løpet av 2021	
8.	Opprette vedtaksteam innanfor helse og omsorg	Ikkje ferdig gjennomført grunna pandemi	

## 2.5 Miljø (Kulturarv, ressurs,- og miljøforvaltning)

		Gode resultat, gjennomført eller i rute	
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
		Manglande resultat – ikkje gjennomført	
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Kartlegge viktige kultur-/natur miljø og bukvalitetar som er viktig å ta omsyn til for framtidige areal- og utbyggingsplanar mellom anna ved bruk av innbyggjarundersøking og fysiske registreringar	Arbeidet ikkje gjennomført grunna ressursituasjon, og konsekvens av Corona.	
2.	Bruke «Klimarådet» aktivt som verktøy for oppfølging av energi- og klimaplan – minst to fellesmøte årleg med næringa, leia av ordførar	Det er gjennomført fleire møter, og ein har forsøkt halde trykket oppe. Utarbeida trafikkanalyse m.o.t. redusert klimaavtrykk.	
3.	«Biogass» - aktiv deltakar i forprosjekt regionalt – avklare grunnlag for lokale biogassanlegg basert på lokalt matavfall og husdyrgjødsel	Prosjektarbeid leia av Hallingdal Renovasjon. Næmare forankring i landbruksnæringa/ faglaga ikkje gjennomført grunna corona/ ressursituasjon.	

4.	Utbetring av snarveger for mjuke trafikkantar ved hjelp av friluftskartlegging – etablering av ferdelskorridorar og tiltak for syklande og gåande gjennom aktive lokalsamfunn	Temakart friluftssareal utarbeida, men nærmare analyser av snarveger er ikkje gjennomført grunna ressursituasjon/corona.	
5.	Ivareta klimamål gjennom energieffektivisering av kommunale bygg knytt til skule- og helseutbygging og avklare roller i høve El-bil ladepunkt	Energieffektivisering ligg som anbodskriteie i samband med ny kommunale bygg. Arbeidet med el- bil strategi utsett til 2021	

Klimareknskapen for kommunal verksemd går i rett retning. Rekneskapen stammer både frå eksterne og interne kjelder, og vert omrekna til tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter. Analysen er basert på den internasjonale standarden "A Corporate Accounting and Reporting Standard", som er utvikla av "the Greenhouse Gas Protocol Initiative" - GHG protokollen. Dette er den mest nytta metoden for å måle utslippa av klimagassar. ISO standard 14064-I er basert på denne. Klimaregnskapet fangar opp både direkte og indirekte utsléppskjelder.

Utsleppa går ned i høve 2019. Samla total nedgang er 3,3 %. Innan elektrisitet har vi 2,4 % nedgang. Den største nedgangen finn vi innan transport, både når det gjeld køyring med de kommunale bilene (-21,7 %) og når det kommer til køyregodtgjersle (-26,3%).

Den største auken finn ein innan avfallsmengder (+ 55,8%), som skuldast kommunen si eigen byggeaktivitet og avfall frå pandemi (papir, reinhald etc.).

## Årlige klimagassutslipp

Kategori	Forklaring	2018	2019	2020	% endring fra forrige år
<b>Transport total</b>		52.2	52.7	41.5	-21.3 %
<b>Elektrisitet total</b>		235.3	172.6	168.5	-2.4 %
<b>Avfall total</b>		20.7	19.5	30.4	55.8 %
<b>Tjenestereiser total</b>		13.2	14.4	10.4	-27.9 %

## 2.6 Næringsliv (Innovasjon, utbygging, landbruk og samferdsel)

		Gode resultat, gjennomført eller i rute	
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
		Manglande resultat – ikkje gjennomført	
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Avklare potensiale for ledig næringsareal, og om nødvendig regulere	Grunneigarar tilskrive – næringsareal Ulsåk sentrum lagt ut for sal. Tema i samband med rullering av kommuneplan ref. vedteke planstrategi	
2.	Vera samarbeidspartnar for «masterplan sykkel» og arbeid med å utvikle ei finansieringsordning av stigar og løyper.	Kommune har støtte opp masterplansatsinga med tilskot, samt garantert for spelemidlar – innarbeida i overordna plan.	

3.	Saman med regionale aktørar, utvikle og teste ut verktøy til fremje for innovasjon og entreprenørskap. (Strategisk plan for Hallingdal)	Kommunen deltar i innovasjonsnettverk, og jobbar med å formalisere eit innhald. Gjennomføring påverka av corona – ressursituasjon hjå kommunen.	
4.	Utarbeide plan for korleis tilbod av fiber/ breiband kan stimulerast – regionale søknader om statlege «prosjekttilskot»	Arbeidet har ikkje starta opp grunna ressursituasjon – søknadar om tilskot fremja via Regionrådet.	
5.	I samarbeid med KS- avklare det juridiske grunnlag for å følgje opp intensjonen i «senger i næring»	Arbeidet satt på vent grunna coronasituasjon og mangel på ressursar for gjennomføring.	
6.	Basert på «strategisk næringsplan», oppdatere tiltakslista og tydeleggjere ansvar og roller spesielt i høve landbruk og reiseliv	Ikkje gjennomført grunna corona og ressursmanglar. Forvalta næringsfondsmidlar, og ekstraordinære coronastøtte for næringa.	
7.	Vera ein pådrivar for oppstart av «Bachelor utdanning reiseliv»	Prosessen stoppa opp – parallelt støtte opp om Norges Friluftsfagskule iform av uttaler og nettverksarbeid.	

### 3 Tenesteperspektivet

#### 3.1 Kultur og oppvekst

Året 2020 har vore prega av stor innsats frå alle tilsette. Vi har mangla tilsette og det har ført til belastning på alle leiarar og tilsette for å klare å følgje opp krav til undervisning og anna oppfølging. På grunn av Covid 19 har vi utsett arbeidet med fleire planar og viktige oppgåver og samlingar vi hadde planlagt saman med Veilederkorpset, vart avlyst. Likevel har vi kome eit skritt vidare innanfor satsingsområda der alle tre skulane no arbeider med Læringsmiljø. Vi ser alt resultat. Innføringa av nye fagplanar vert innført, men ikkje med same progresjon som ønska. Vi har delvis klart å halde fokus på tema frå Inkluderande barnehage og skulemiljø (IBS) med fokus på inkludering både i skule og barnehage. Det har vore oppfølging frå Høgskulen på Vestlandet med fokus på verktøya som er presentert i IBS.

Kulturlivet har også måtte finne nye arbeidsmetodar, men kreativiteten har også funne fram nye spennande arbeidsmåtar og måtar å samlast på. Musikkundervisning på nett og «dropp og hent» bøker som har ligge i karantene på biblioteket.

##### 3.1.1 Barnehagene

		Gode resultat, gjennomført eller i rute	
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
		Manglande resultat – ikkje gjennomført	
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Vidareutvikle og evaluere utviklingsarbeidet Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBS) og BTI.	IBS – ny teori er tatt i bruk, men er ikkje ferdigstilt. BTI – Malane skal digitaliserast. To arbeidsgrupper jobbar vidare med implementering hausten 2021.	
2.	Setje i verk lovreglar om psykososialt barnehagemiljø. Aktivitetsplikt ved ny lov om mobbing	Planen er ferdigstilt.	
3.	Utarbeide og setje i verk dialektfremmande tiltak	Dialektfremmande tiltak er sett i verk i kvar barnehage.	

### 3.1.2 Skulene

		Gode resultat, gjennomført eller i rute
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
		Manglande resultat – ikkje gjennomført
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status
1.	Utarbeide Visjon og verdigrunnlag for Hemsedalsskolen i samarbeid med tilsette, foreldre og politikarar	Manglar svar frå nokre før Visjon og verdidokumentet kan samanstillast
2.	Vidareføre samarbeidet mellom vidaregåande, ungdomsskule, PPT og skulefagleg ansvarlege	Arbeid med felles kursdagar mellom VGO og U-trinnet for fag og vurderingspraksis
3.	Drifte og evaluere 1. utgåve av Språk- og leseplan. Fremme dialektbruk	Språk- og leseplan har vore i drift eitt år. Skal evaluerast våren 21
4.	Styrke elevane sin digitale kunnskap jf. resultat på nasjonale prøver 5. trinn	Avklart og kjøpt inn I-pad til 0.-7. trinn og alle tilsette, Utarbeidar plan for innføring. Søknad om utviklingspartner i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet.
5.	Vidareføre arbeid med pedagogisk og administrativ saman-slåing av skulane saman med Veilederkorpset	Alle tre skulane har fokus på Læringsmiljø. Samarbeidet med Veilederkorpset har vorte redusert på grunn av Covid
6.	Finne nye, gode læringsareal på HBU frå hausten inntil vi får ny skule	Hugnadheim vert midlertidig undervisningsareal.
7.	Innføre og evaluere BTI	BTI – Malane skal digitaliserast. To arbeidsgrupper jobbar vidare med implementering hausten 2021.

### 3.1.3 Kulturskolen

		Gode resultat, gjennomført eller i rute
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
		Manglande resultat – ikkje gjennomført
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status
1.	Ha eit variert kulturskuletilbod der alle skal få minst eitt tilbod	I år stod det berre to på venteliste
2.	Utvikle arealet til kulturskolen, samt utstyr for framtida	Dette har blitt satt på hold av kommunen pga Covid-19.
3.	Større breidde i kulturskuletilbodet som famnar både alder og kjønn spesielt med tanke på tekniske fag	Har ikkje oppnådd dette. Vanskeleg med utvikling if. ressursar/budsjett p.g.a. Covid-19. Det må generelt meir ressursar inn i kulturskolen dersom tilbodet skal auke i breidde.

### 3.1.4 Biblioteket

		Gode resultat, gjennomført eller i rute
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
		Manglande resultat – ikkje gjennomført
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status
1.	Utvikle ein plan for bibliotekenestene og gjere lokala gode for yngre og fleire elevar knytt til den nye skulen	Plan for bibliotekenester er utsett. Plan for ominnreiing av lokala skal vere klar til 1.8.2021.
2.	Utarbeide gode løysingar for meir opne bibliotek	Arbeidet er ikkje starta

## 3.2 Helse- og omsorgsetaten

Året 2020 har vært eit krevjande år for etaten som har hatt mange ekstra oppgåver knyta til pandemien. Det har medført mye overtid samt sjukemeldingar for tilsette i karantene. Behov for utvida areal til teststasjon og luftvegsklinikk har vist at vi er sårbare på areal innan helse.

Etaten har levert gode teneste i 2020, men tilbudet til eldre heimebuande har vært utfordrande og vi har grunn til å tru at den psykiske helsa i befolkninga er dårlegare enn før pandemien. Vi har hatt mindre utfordringar med å rekruttere fagpersonar.

### 3.2.1 Helse for born og unge

		Gode resultat, gjennomført eller i rute	
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
		Manglande resultat – ikkje gjennomført	
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Styrke kompetanse og samhandling i tverrfaglege team saman med oppvekst	Vi har starta å jobbe saman om BTI, dette arbeide vil gå over tid	
2.	Styrke behandlingstilbodet til barn og unge med lette til moderate psykiske vanskar (Jf. prioriteringsveileder til BUP)	Devis implementert FIT (verktøy for å gi betre tenester)	
3.	Vidareutvikle satsing på familien som pårørende, med vekt på barn som pårørende.	Barneansvarleg og barnekontakter opprette i alle avd i helse og omsorg. Satsing og kurs i regi av Hallinghelse	

### 3.2.2 Omsorgstenesta

		Gode resultat, gjennomført eller i rute	
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
		Manglande resultat – ikkje gjennomført	
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Innføre velferdsteknologi	Leverandør valt. Gjennomføres kontinuerleg ut frå brukars behov	
2.	Oppstart av dagsenter (lovpålagt frå 2020)	Noe redusert grunna pandemi	

### 3.2.3 Psykisk helse

		Gode resultat, gjennomført eller i rute	
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
		Manglande resultat – ikkje gjennomført	
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Innføring av FACT (ambulante team) i samarbeide med Vestre Viken. Ein samarbeidsmodell for å stabilisere og behandle alvorlege, samansette og langvarige lidningar	Gjennomført	
2.	Styrke kompetanse innan familieterapi, barnepsykiatri og leiing	To leiare har gjennomført leiarutdanning på BI	
3.	Implementere FIT, elektronisk basert verktøy for brukarmedverknad i tenestetilbodet	Delvis implementert	

### 3.2.4 Legetenesta

		Gode resultat, gjennomført eller i rute	
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
		Manglande resultat – ikkje gjennomført	
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Sikre stabilitet og rekruttering av fastlegar. Legge til rette for spesialisering og nødvendig kompetanseheving på avdelinga	Pålagte legevaktkurs ikkje gjennomført, grunne pandemi, gjennomføres i april 2021	
2.	Oppretthalde kort ventetid og eit godt, augeblikkeleg hjelpetilbod	Kontinuerleg	

### 3.2.5 Fysioterapi- og ergoterapi

		Gode resultat, gjennomført eller i rute	
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
		Manglande resultat – ikkje gjennomført	
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Utvikle eit funksjonelt hjelpemiddelkale i tilknytning til Bygdaheimen	Ikkje gjennomført, pga kapasitet frå vaktmestarar	
2.	Utvikle ein rehabiliteringsplan	Regional grupper er i gang	

### 3.2.6 Bråtenjordet

		Gode resultat, gjennomført eller i rute	
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
		Manglande resultat – ikkje gjennomført	
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Bygge bustadar til personar med samansette behov	Igangsett	
2.	Planlegge og sette i verk dagtilbod til brukarar som går på vidaregåande. (I dag er tilbodet ivaretatt av Buskerud fylkeskommune)	Igangsett	

### 3.2.7 Koordinerende eining/ stab (KE)

		Gode resultat, gjennomført eller i rute	
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
		Manglande resultat – ikkje gjennomført	
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Betre aktivitetstilbodet for personar med utviklingshemming	Igangsett	
2.	Bygge opp eit avlastningstilbod, kompetanse, bemanning og lokaliteter for åtferdsvanskar	Utført	
3.	Etablere nye rutinar for tildeling av helsetenester	Igangsett	
4.	Prosjektleiing velferdsteknologi. Etablere, implementere og supplere tenesta og rutinar	Igangsett	

### 3.2.8 Integreringstenesta

		Gode resultat, gjennomført eller i rute	
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
		Manglande resultat – ikkje gjennomført	
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Lage ein plan for korleis vi skal integrere flyktingane og få dei ut i arbeid eller som annen bidragsytar i lokalsamfunnet	Arbeide er ikkje sett i gang grunne pandemi	
2.	Betre samhandling med læringscenteret ved å ha større fokus på arbeid tidleg i programmet. Evaluere fortløpande	Kontinuerleg arbeid	
3	Kartlegge moglege språk- og arbeidstreningsplassar i kommunen	Arbeide er ikkje sett i gang grunne pandemi	

## 3.3 Teknisk etat

Etaten sine forvaltningsområdar, teknisk drift (vatn, avlaup og kommunale veger), eigedomsdrift (eigedomsforvaltning, vaktmester og reinhald) og teknisk forvaltning (plan og byggesak, matrikkel, landbruk, næring og miljø) har i hovudsak levert tenester i tråd med resultatmål.

Kommunale vassverk, og reinseanlegg syner gode resultat med eit lite avvik for Ulsåk reinseanlegg. Resipientovervaking av Heimsila understøtter god drift. Innan eigedom har ein med nokre unntak gjennomført investerings- og vedlikehaldsprosjekt i tråd med plan. Spesielt reinhaldsadm. og smittevern vask har vore utfordrande. Som ei gladsak vart Hemsedal kommune premiert med IK- bygg gull pris for godt arbeid med internkontroll innan byggforvaltning.

Forvaltningsområda plan-, byggesak- og matrikkelforvaltning har hatt eit høgt aktivitetsnivå på tross av corona. Innføring av eigedomsskatt vart ei krevjande tilleggsoppgåve for etaten med behov for omrokking av ressursar. Lengre saksbehandlingstid, mindre kontroll og tilsyn, samt redusert tverrfaglig samhandling er noko av erfaringane frå året.

Underbemanning i nøkkelstillingar innan sentral leiing, eigedomsdrift, og forvaltningsområda landbruk, næring, plan og byggesak har gjort det krevjande å følgje opp det høge aktivitetsnivå innan spesielt bygg- og anleggsbransjen.

### 3.3.1 Eigedom

		<div style="background-color: #90EE90; padding: 2px;">Gode resultat, gjennomført eller i rute</div> <div style="background-color: #FFFF00; padding: 2px;">Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess</div> <div style="background-color: #FF0000; padding: 2px;">Manglande resultat – ikkje gjennomført</div>	
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Gjennomføre investering og drift i tråd med «plan for vedlikehald, investering og drift». Deldokument til handlings og økonomiplan.	ER i hovudsak gjennomført i tråd med plan for verksemda. Restanse på ulik internkontroll (dokumentasjon inneklime m.m.). V.h.a covid tiltaksmidlar har ein forsert arbeid med å skifte vindu, samt isolere vest og austveggen på kommunehuset. Det er gjennomført mykje ekstraord. adhoc arbeid for å tilpasse lokalar i høve smittevern, men også endra reinhaldsrutinar.	
2.	Prosjektkoordinering – gjennomføring av prioritert skule- og helseutbyggingar	Anbuds, og samspelprosesser for både nye omsorgsbustader og ny sentralskule er gjennomført i tråd med plan.	
3	Gjennom naudsynte grunnnerverv-prosessar for å sikre areal til bustadbygging, helse- og skuleutbyggingar	Tiltrede til grunn er sikra, men endeleg grunnnerverv vert ferdigstilt i 2021. Grunnkjøp bustad vart utsett sidan grunneigarar ønskja å realisere bustadfelt sjølve.	
4	Så fort reguleringsplan for Strupa ligg føre – gjennomføre sal av Båstø	Reguleringsplan for Strupa Gravset AS ferdig, men salprosess av Båstø ikkje påtatt.	
5	Etablere garderobe og øvingslokale for kulturskula bak scena i Kultursalen	Tiltaket er utsett grunna kapasitetsmanglar og omprioriteringar i samband med corona.	

### 3.3.2 Renovasjon, vatn og avlaup

		<div style="background-color: #90EE90; padding: 2px;">Gode resultat, gjennomført eller i rute</div> <div style="background-color: #FFFF00; padding: 2px;">Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess</div> <div style="background-color: #FF0000; padding: 2px;">Manglande resultat – ikkje gjennomført</div>	
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Vedlikehald og investering av vatn og avlaupnett i Hemsedal kommune i høve hovudplan for vatn og avlaup	Tiltak følgjer i hovudsak plan.	
2.	Ny driftskontroll for kommunale VA-anlegg – SD-anlegg med nytt FDV- og rapporteringssystem.	Leverandør er valt – praktisk arbeid pågår – følgjer plan for gjennomføring.	
3	Bygge nytt avlaupsreinseanlegg på Tuv – erstatte det gamle	Tiltaket utgår. Underlagsarbeid syner at ein i staden erstattar reinseanlegget på Tuv med å lede avløp til Trøym – vert eige prosjekt 2021-2023. Kommunedelplan for VA- vert oppdatert i 2021.	
4	Rehabilitering av leidningsnett i Haugavegen, Tunvegen og Trøymvegen - sjåast i samanheng med skuleutbygginga	Prosjektering gjennomført – gjennomføring tilpassast skuleutbygging.	
5	Utviding av Holdebakken høgdebasseng – for å kunne levere nok vatn, samt erstatning av vassleidning mellom Rådylia og Holdebakken	Gjennomføring i tråd med plan, - høgare kostnad enn opprinneleg meint – følgjer plan for gjennomføring jfr. eige K-styrevedtak i 2020.	
6	Forprosjekt – avklare behov for returpunkt i «kjerneområdet» -Totteskogen/ Fjellandsbyen/ Holdebakken/Tinden i tråd med nye behov. Inngå grunneigaravtaler for eventuelt utviding av containerplassar	Arbeidet med returpunkt Holdebakken er satt på vent – Reguleringsprosess for nytt returpunkt Gravset er igangsatt, samt fysisk opparbeiding av returpkt. Langeset ferdigstilt. Grunneigaravklaring for pkt. på Ershovd.	
7	Etablere nytt vassverk på Krikken og ny pumpestasjon på Elvely	Gjennomført ny pumpestasjon på Elvely, arbeid med nytt vassverk følgjer plan for gjennomføring. Reguleringsplan behandling i.l.a 2021.	

### 3.3.3 Veg- og anlegg

		<div style="background-color: #90EE90; padding: 2px;">Gode resultat, gjennomført eller i rute</div> <div style="background-color: #FFFF00; padding: 2px;">Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess</div> <div style="background-color: #FF0000; padding: 2px;">Manglende resultat – ikke gjennomført</div>	
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Avklare framtidig drift/eigarskap – etablering av veglag «Panorama-vegen» - frå Engebretsgard til kommunegrensa, jf. K-sak 82/17	Vedtak i formannskapet om prosess- avklaringar med nabokommune/ veglag vart resultatløst – saka overført 2021.	
2.	Rive hengebru over Mørkedøla v/ Rjukandefossen	Oppfølgjande brukkontroll med gjennomført avbøtande tiltak forlenga levetida – brua vert ikkje rive.	
3	Etablering ny g/s-veg langs Kyrkjebønsvegen samt nytt kryss mellom Kyrkjebønsvegen og Skadvinvegen, jf. ny sentralskule	Arbeidet utsett grunna kapasitetsressursar for gjennomføring – tilpassa tidspunkt for realisering av ny sentralskule.	
4	Utsifting av veglys – erstatte kvikksølvldamp pærer med LED-armatur	Gjennomført i tråd med plan.	
5	Ferdigstille sikringstiltak på gml. Venås bru etter overtaking	Gjennomført.	
6	Reforhandling av nye brøytekontraktar på nye anlegg kommunen får ansvar for ref. g/s-veg Holdebakken Tuv og Lauparvegen	Gjennomført.	
7	Gjennomføringsavtale med Statens Vegvesen for etablering av g/s- veg langs RV-52 - Trøym – Holdebakken for realisering av BU7	Statens vegvesen jobbar med grunneverv, og plan for realisering – truleg 2022.	
8	Resertifisering av kommunen som «Trafikksikker kommune»	Framdrift påverka av corona – ikkje ferdig, men arbeidet er påstarta	

### 3.3.4 Matrikkel, plan og byggesak

		<div style="background-color: #90EE90; padding: 2px;">Gode resultat, gjennomført eller i rute</div> <div style="background-color: #FFFF00; padding: 2px;">Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess</div> <div style="background-color: #FF0000; padding: 2px;">Manglende resultat – ikke gjennomført</div>	
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	«Matrikkelvask», i samband med innføring av generell eigedomsskatt	Gjennomført – men arbeid med eigedomsskatt lå ikkje inne i ressursføresetnadene for etaten 2020.	
2.	Basert på revidert tilsynsstrategi, auke tall tilsyn (stikkprøver) med fokus på avfallshandtering i byggesak og ulovleg byggearbeid	Redusert fokus, grunna corona, mannskapsutfordringar og arbeid med innføring av eigedomsskatt	
3	Gjennom vertskommuneavtale – etablere eit «Interkommunalt VA-kontor» for behandling av søknadar om spreidd avløp, plan og tilsyn jf. regional plan for vassforvaltning.	Gjennomført i tråd med plan – sjå eigen årsrapport for KAV.	
4	«Prosjekt senger i næring» - sikre at reguleringsføremålet vert følgt	Ikkje fokus i 2020 grunna corona og ressursituasjon på etaten.	

### 3.3.5 Landbruk, miljø og næring

		Gode resultat, gjennomført eller i rute	
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
		Manglande resultat – ikke gjennomført	
	Mål 2020 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Prosjekt «attraktivt sentrum» - driftsmodell som fjernar eigarlaust søppel, avklarar ønskja infrastruktur med grøntanlegg	Ikkje gjennomført grunna corona- og ressursituasjon generelt. Modell for utbyggingsavtale sikrar finansiering av infrastruktur og grøntanlegg	
2.	Stimulere til at «næringsklynger» utviklar etablert næringsliv, trekk til seg gründerverksemder og investeringskapital	Corona- og ressursituasjon har ikkje gjort det mogeleg å ha fokus på målområde.	
3	Auke tilsyn og kontroll i høve til driveplikt på jordbruksareal	Følgd opp 7-8 saker, men grunna underbemanning/ vakans i stilling har ein ikkje fått følgd opp sakene kontinuerlig.	
4	Oppretthalde talet på miljøfyrtårnverksemder, og stimulere til minst fire nye «Miljøfyrtårnverksemder» i året	Grunna corona har fleire verksemder problem med å fornye sertifisering. Tre nye verksemder er sertifisert.	

## 4 Medarbeidarperspektivet

### 4.1 Samarbeid med tillitsvald og vernetenesta

Det er et godt og etablert samarbeid ute i verksemdene, og på kommunedirektørnivå. Teams er tatt i bruk som ein ny kanal for samarbeid, noko som har vist seg å vere effektivt og fint å bruke for god dialog og godt samarbeid. AMU – Arbeidsmiljøutvalet er også eit samarbeidsorgan der både arbeidsgjevar, tillitsvalde og vernetenesta er representert, og i 2020 ble det gjennomført totalt 4 AMU møter fordelt gjennom året.

### 4.2 Kompetanseutvikling

Prosedyre for kompetanseutvikling er på plass, og det er viktig at denne blir kjent ut i organisasjonen. Det skal lagast ei individuell avtale for kompetanseutvikling for tilsette som med bakgrunn i kommunens behov og kompetanseplaner får tilbod om kompetanseheving. Som tidlegare blir det gjennomført mange nødvendige kurs og oppdateringar innan dei ulike fagområde, og kvar etat har sine egne planar i forhold til kommunens behov og økonomiske rammer. Det blir også søkt om eksterne midlar til kompetanseutvikling.

## 4.3 Arbeidsmål

		Gode resultat, gjennomført eller i rute	
		Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess	
		Manglande resultat – ikkje gjennomført	
	Mål 2020 – Tiltak knytt til målområda	Status	
	<b>Etikk og samfunnsansvar</b>		
1.	Oppfylle krav i EUs Personvernforordning og følgje opp GDPR (General Data Protection Regulation)	Det jobbast kontinuerleg, men har vore litt lite kapasitet under Covid-19.	
2.	Legge til rette for inntak av lærlingar og arbeidspraksis.	Har fått budsjettmidlar og lærling i 21.	
3.	Rullere og følgje opp kommunen sine etiske retningslinjer.	Arbeidet starta i 2020, fullførast i 21.	
	<b>Politikk og administrasjon</b>		
1.	Gjennom folkevaldopplæring og årlege felles møte ha fokus på kommunens arbeidsgjevarstrategi for å få ei god forståing av kvarandre sine roller.	Igangsett	
2.	Vedta og ta i bruk eit årshjul som styrer den formelle samhandlinga mellom politikk og administrasjon.	Igangsett	
	<b>RAUS og helsefremjande arbeidsplass</b>		
1.	Vidareutvikle det sosiale årshjulet for å skape fellesskap med sosiale aktivitetar som til dømes julebord.	Ikkje relevant under Covid-19. Alternativ julebord i 2020, var gåve.	
2.	HMS-arbeidet skal ha fokus på risikovurdering av fysisk og psykisk helse, vernerundar og internrevisjon samt følgje opp avvik og forbedringspotensiale med tiltak ute i verksemdene.	Bedriftshelsetenesta har vore med i arbeidet med risikovurdering i mange av verksemdene.	
3.	Gjennomføring av KS - 10 faktor medarbeidarundersøking.	Ikkje gjennomført, flytta til haust 21.	
4.	Arbeide for at eigen/sjukemeldt fråvær ikkje skal overstige 6 %.	Covid-19	
	<b>God leiing</b>		
1.	Rutine for medverknad	Ingen endringar.	
2.	Rutine for bruk av digital kommunikasjonskanalar	Under utvikling felles i Hallingdal	

## 4.4 Sjukefråvær

Sjukefråværstala har totalt for Hemsedal kommune inkl. eigenmeldt fråvær dei 4 siste åra vore følgjande:

<b>2020</b>	7,38 %	<b>2019</b>	6,84 %	<b>2018</b>	5,61 %	<b>2017</b>	7,39 %
-------------	--------	-------------	--------	-------------	--------	-------------	--------

Korttidssjukefråvær har vore lågt over tid, noko som pleier å vere ein god indikator på trivsel. Det var for 2016 – 2019 på 1,7 og 1,9 prosent, men har i Covid-19 året 2020 auka til 2,1 %. Korona relatert fråvær er berekna til 0,8 % på årsbasis for året 2020. Statistikken under viser fråvær pr. måned for åra 2017 – 2020.



## 4.5 Internkontroll

Kommunedirektøren har ansvar for internkontroll i kommunen. Kommunedirektøren har hatt internkontroll som tema på leiarmøte, leiarane skal ha tilsvarande gjennomgang med sine tilsette. Ny kommunelov og ny personvernforordning set strengare krav til internkontrollen. Kommunen må auke sin innsats på dette området.

## 4.6 Etikk

Kommunen er avhengig av godt omdømme og tillit frå omverda, både frå innbyggjarar, andre offentlege og private interessantar, media og andre. Å opptre etisk er grunnleggjande for å oppretthalde tillit og truverde. Nye etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Hemsedal kommune er under utarbeiding. Vert ferdigstilt i 2021.

## 4.7 Likestilling

Fordeling mellom kvinner og menn totalt er om lag på det som er gjennomsnitt for kommunane. Vi er ei kommune med stort mangfald som legg vekt på lik behandling uansett rase, religion eller etnisitet.

Tabellen under viser en endring på 6 kvinner og 1 mann totalt, men det er ingen endring i forhold til andel menn og kvinner i prosent. Det har blitt færre menn i sentraladministrasjonen, og årsaken til det er endringar i kommunedirektøren sin leiargruppa. Det er 2 kvinner meir i oppvekstsektoren, men like mange menn som det var pr. 1.12.2019. Talet på menn i helse og omsorg er stabilt, men det er 1 kvinne mindre. I teknisk sektor er det en reduksjon både for kvinner og menn.

**Tabell 5****Prosent av antall kvinner og menn i ulike sektorer i Hemsedal kommune**

Pr. 1.12.2020 basert på PAI-registeret. Tabellen inneholder bare hovedstillinger.

Sektor	Antall		Andel (i prosent)	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
I ALT	218	50	81	19
Sentraladministrasjonen	16	0	100	0
Oppvekst	93	12	89	11
Grunnskole	52	10	84	16
Barnehager	36	1	97	3
Fritidshj/skolefritidsordn	2	0	100	0
Øvrig oppvekst	3	1	75	25
Helse/sosial	87	18	83	17
Administrasjon	5	1	83	17
Alm helsevern	18	3	86	14
Alders- og sykehjem	30	3	91	9
PU	7	9	44	56
Hjemmehjelp/-sykepleie	27	2	93	7
Kultur	1	1	50	50
Teknisk sektor	20	19	51	49
Ymse	1	0	100	0

## 5 Økonomiperspektivet

### 5.1 Driftsrekneskap

	År 2020	Budsjett	Oppr.budsj.	I fjor
Sum driftsinntekter	316,8	253,1	248,6	260,9
Sum driftsutgifter	294,3	262,6	256,0	271,0
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>21,7</b>	<b>-9,6</b>	<b>-7,4</b>	<b>-10,0</b>
Netto finansutgifter	-11,0	-2,9	-0,9	3,5
Motpost avskrivninger	14,2	10,6	10,6	12,0
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>24,9</b>	<b>-1,8</b>	<b>2,3</b>	<b>5,5</b>
<i>Netto driftsmargin</i>	<i>7,9 %</i>	<i>-0,7 %</i>	<i>0,9 %</i>	<i>2,1 %</i>

Hemsedal kommune har i 2020 eit netto driftsresultat på 24,9 mill. Det er 26,8 mill. høgare enn budsjett og 19,5 mill. meir enn i fjor.


Netto driftsmargin er på 7,9 %.

Det styrka resultatet kjem i all hovudsak som følgje av innføring av utvida eigedomsskatt, som har auka inntektene til kommunen med 17 mill. mot året før.

Den årvisse effekten av endring premieavvik og -fond gjev 5,5 mill. i lågare pensjonskostnader i 2020.

Kommunen har i 2020 motteke og inntektsført ein høgare del tilskot som ikkje kjem til bruk før i 2021. Mellom anna 3,1 mill. i tilskot til ei koronaramma næring. Dette aukar driftsresultat med til saman 7,4 mill. da avsetjing til bundne fond er ein del av årets disponeringar og påverkar ikkje netto driftsresultat.


Driftsresultatet frå sjølkostrekneskapen utgjer 2 mill. Desse er òg avsett til bundne fond og inngår ikkje i kommunens frie egenkapital, disposisjonsfondet.



Netto driftsresultat i perioden 2017 til 2020 syner at kommunen dei siste åra har budsjettert meir pessimistisk enn faktiske tal. Både pensjonskostandene og sjølvkostrekneskapet har overraske positivt i desse åra.

Etter kommunelova § 14-7 skal det gjerast greie for vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapet samt vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruk av løyvingar.

## 5.2 Vesentlege avvik imellom årsbudsjettet og årsregnskapet



Siste budsjettendring blei utført i juni, og det var da framleis stor uvisse knyta til dei økonomiske effektane av virusutbrotet. Både kostnadar og tilskot vart høgare enn budsjettert, slik at effekten på driftsresultatet er tilnærma lik null.

Følgjande andre saker har ført til vesentlege avvik imellom budsjett og rekneskap i 2020.

- Meirinntekter ved innføring av utvida eigeomsskatt
- Vekst i skatteinntekter, med tilhøyrande reduksjon i rammetilskot
- Auke kostnadar barnevern
- Høgare refusjon av kostnadar til ressurskrevjande brukarar frå 2019
- Lågare investeringstakt/ endra premis

Desse sakene blir omtala meir i avsnitta som følgjer.

Avvika vert ikkje vurdert til å vere av ein slik karakter at dei påverkar den økonomiske handleevna over tid.

*Etter ferdigstilling av årsrekneskapen er det gjort ny berekning av refusjonskrav for kostnadar til ressurskrevjande brukarar. Dei nye tala kan tyde på ei reduksjon i refusjonar på 1,3 mill.*

## 5.3 Vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruk av løyvingar

Kap. 3 og 4 viser skjematisk oversikt over kommunestyret sine satsingar. Måloppnåing er gradert i fargar. Covid-19 pandemien og underbemanning i nøkkelstillingar har påverka leveransane i noko grad. Like fullt er det levert på mange av målområda.

Avvik frå premissane vert vurdert til i hovudsak å vere på strategisk overordna nivå der resultatet er venta å komme på lengre sikt. Arbeidet med dei ulike satsingane vert vidareført til 2021. Avvikane vert difor vurdert til å vere av ikkje vesentleg karakter.

## 5.4 Driftsinntekter

Driftsinntekter	År 2020	Budsjett	Oppr.	I fjor	Avvik 2020-	Avvik 2020-	Utvikling mot i fjor
			budsjett		B2020	i fjor	
Rammetilskudd	71,0	79,9	79,9	70,6	-9,0	0,4	0,5 %
Rammetilskudd korona	4,9	2,3	-	-	2,6	4,9	
Inntekts- og formuesskatt	97,8	87,0	85,0	89,8	10,8	8,0	8,9 %
Eiendomsskatt	22,4	12,2	12,2	5,3	10,2	17,0	319,7 %
Andre skatteinntekter	3,1	3,0	3,0	3,1	0,1	-	0,0 %
Andre overføringer og tilskudd fra stat	6,5	7,1	6,7	9,5	-0,6	-3,0	-31,7 %
Overføringer og tilskudd fra andre	57,3	16,4	15,7	33,5	41,0	23,8	70,9 %
Brukerbetalingar	8,7	9,6	10,4	10,2	-0,9	-1,5	-14,3 %
Salgs- og leieinntekter	35,4	35,5	35,7	38,9	-0,1	-3,5	-8,9 %
Kraftinntekter	9,0	-	-	-	9,0	9,0	
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>316,1</b>	<b>253,1</b>	<b>248,6</b>	<b>260,9</b>	<b>63,0</b>	<b>55,2</b>	<b>21,1 %</b>

Sum driftsinntekter er på 316,1 mill. i 2020. Det er ein auke på 63 mill. mot budsjett og 55,2 mill. mot året før. 9 mill. av auken kjem som følgje av ei reklassifisering av kraftinntekter, som tidlegare vart ført som utbytte. (Finansinntekter er redusert tilsvarande.)


I 2020 vart det innført utvida eigedomsskatt i Hemsedal kommune med følgjande satsar:

- 1 ‰ på bustad og fritidsbustad
- 7 ‰ på næring og kraftanlegg (lik sats som verkar og bruk i 2019)

Inntekt frå eigedomsskatt gikk opp 17 mill. frå 5,3 mill. i 2019 til 22,4 mill. i 2020. Det er 10,2 mill. høgare enn budsjett grunna uvisse kring skattegrunnlag på budsjetteringstidspunktet..

Dei frie inntektene, rammetilskot og inntekts- og formuesskatt, er på til saman 173,7 mil. med 4,9 mill. i ekstra rammetilskot knytt til virusutbrotet. Justert for ekstra midlar er dei ordinære frie inntektene på 168,8 mill. Det er ein auke på 8 mill. (+8,9%) i inntekts- og formuesskatt og 0,4 mill. (+0,5%) i rammetilskot mot året før.

Trass i utfordringar for næringa i eit år prega av virusutbrot og nedstengjing har Hemsedal kommune ein solid auke i skatteinntekter. Skatt pr. innbyggjar ligg på 124,9 % av landsgjennomsnittet. Det gir ei inntektsutjamning på heile 11,6 mill. som kjem til reduksjon på rammetilskotet.



Utviklinga i frie inntekter dei siste åra har vore positiv, og må sjåast i lys av vekst i folketal og ambisjonar om vidare utvikling.

Overføringer og tilskot frå andre aukar med 41 mill. mot budsjett og 23,8 mill. mot året før. Dette skyldast i all hovudsak inntekter med tilhøyrande kostnader som ikkje har vore budsjettetert. Til dømes fleire prosjekt innan helse og omsorg og kultur og oppvekst, tilskot til vidareutdanning og kjøp av ettervern privat i anna fylke.

2,2 mill. kjem som følge av høgare refusjon for ressurskrevjande brukarar frå 2019.

## 5.5 Driftsutgifter

	År 2020	Budsjett	Oppr. budsjett	I fjor	Avvik 2020- B2020	Avvik 2020- i fjor
Løn og sosiale utgifter	168,9	163,6	163,7	166,3	5,3	2,6
Kjøp av varer og tenester	95,1	75,5	72,7	78,4	19,6	16,7
Overføringer og tilskudd til andre	16,1	12,9	9,1	14,2	3,2	1,8
Avskrivninger	14,2	10,6	10,6	12,0	3,6	2,2
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>294,3</b>	<b>262,6</b>	<b>256,0</b>	<b>271,0</b>	<b>31,7</b>	<b>23,4</b>

Sum driftsutgifter er på 294,3 mill. i 2020. Det er 31,7 mill. høgare enn budsjettetert og 23,4 mill. meir enn året før.

Virusutbrotet aukar utgiftene til kommunen med 5 mill. i 2020, 2 mill. i løn og sosiale utgifter og 3 mill. i andre utgifter.

Kjøp av barneverntenester aukar med 4 mill.

Anna auke i kjøp av varer og tenester må sjåast i samanheng med auke i refusjonar og tilskot, som nemnd over.

Avskrivningar aukar med 2,2 mot året før og 3,6 mill. mot budsjett som følgje av auke i investeringar. (Budsjett var berekna for lågt.) Påverkar ikkje driftsresultatet da kommunal rekneskap opererer med motpost for avskrivningar under finans.

## 5.6 Løn og sosiale utgifter

	År 2020	Budsjett	Oppr. budsjett	I fjor	Avvik 2020- B2020	Avvik 2020- i fjor
Fast løn	111,3	113,8	114,8	108,6	-2,5	2,7
Variabel løn	21,5	7,0	5,9	19,7	14,4	1,8
Løn til reinhald	5,1	4,9	4,9	4,9	0,2	0,2
Godtgjerelse til folkevalde	1,9	2,2	2,5	2,2	-0,3	-0,3
Reisegodtgjørerelse og anna godtgj.	0,3	0,5	0,5	0,4	-0,2	-0,1
Pensjon	14,7	19,6	19,6	15,3	-4,8	-0,5
Arbeidsgiveravgift	14,1	15,6	15,6	15,3	-1,4	-1,1
Sjukelønsrefusjonar og fødselspengar	-10,4	-	-	-7,1	-10,4	-3,4
<b>Sum lønsutgifter, inkl. sjukelønsrefusjonar</b>	<b>158,5</b>	<b>163,6</b>	<b>163,7</b>	<b>159,3</b>	<b>-5,1</b>	<b>-0,7</b>

Sjkefråvere og fødselspermisjonar aukar årleg kommunen sine lønsutgifter, samstundes som inntekter frå sjukelønsrefusjonar og fødselspengar aukar. For å syne eit meir korrekt bilde av forbruk løn har me inkludert dessa refusjonane i samanlikninga.

Sum lønsutgifter endar då på 158,5 mill. i 2020. Det er 5,1 mill. under budsjett og 0,7 mill. under året før.

Den årvisse endring i premieavvik og -fond reduserer pensjonskostnadane med 4,8 mill. mot budsjett og 0,5 mill. mot året før.

Avvika elles på løn kjem som følgje av ekstra ressursar knytt til virusutbrotet, fråvær og refusjonar som aukar med 3,4 mill. mot året før. Det er meirforbruk i enkelte einingar, mens det er mindreforbruk i andre einingar med vakansar. Meir om dette under avsnitt for verksemdene.

Trass i utfordrande situasjonar som følgje av virusutbrotet er det grei kontroll og ingen urovekkande utvikling i lønsutgiftene i 2020.

Arbeidskraft er ein viktig faktor i det kommunale tenestetilbodet. Samla for kommunen utgjer no løn- og sosiale kostnader 55,1 % av dei totale kostnadene med frådrag av mva. Utvikling i lønskostnader siste fem år er som følgjer:

År 2016	År 2017	År 2018	År 2019	År 2020
62,7 %	64,9 %	64,1 %	60,0 %	55,1 %

Kontroll på lønskostnadene og utviklinga av desse har alltid vore viktig for kommunane. Etter som fleire tenester blir lagt ut i IKS'er eller anna samarbeid på tvers av kommunane, blir det like viktig å følgje utvikling i kostnadar til kjøp av tenester.

## 5.7 Verksemdene

Sentraladministrasjonen, Kultur og oppvekst og Teknisk har eit mindreforbruk i 2020, medan Helse og omsorg har eit meirforbruk.

<i>NOK 1 mill.</i>	År 2020	Budsjett	Oppr.budsj.	I fjor	Avvik i kr
Sentraladministrasjon	22,9	25,4	25,2	24,1	-2,5
Kultur og oppvekst	66,1	66,9	65,3	64,0	-0,8
Helse og omsorg	75,3	70,4	68,7	72,7	4,9
Teknisk	24,7	24,9	21,5	19,8	-0,2
Finans - annet	-189,0	-187,6	-180,7	-180,6	-1,4

Alle verksemdene i Hemsedal kommune er råka økonomisk av virusutbrotet. Ekstra løn til beredskap, smittesporing, karantene, kohortinndeling og reinhald og kjøp av medisinsk utstyr. Av samla meirkostnader på 5 mill. er 3 mill. knytt til løn og kjøp av arbeidskraft.

Herav prosjekt 439 korona:

<i>NOK 1 mill.</i>	År 2020	Budsjett	Oppr.budsj.	I fjor	Avvik R-B
Sentraladministrasjon	0,2	0,1	-	-	0,1
Kultur og oppvekst	0,9	-	-	-	0,9
Helse og omsorg	2,6	1,7	-	-	0,9
Teknisk	1,4	0,5	-	-	0,9
Finans - annet	-4,7	-2,8	-	-	-1,9

Koronarelaterte tilskot på 280' er direkte avsett til bundne fond for bruk i 2021.

I ordinære rekneskapsoppstillingar ligg sjukelønsrefusjonar og fødselspengar under inntektsposten refusjonar. I oppstillingane som her følgjer for verksemdene har me redusert løn og sosiale kostnader med desse refusjonane for å vise eit meir korrekt bilde av forbruk løn mot budsjett.

### 5.7.1 Kommunedirektør med stab

Eininga for Kommunedirektør med stab er rekneskapsmessig delt i to. **Sentraladministrasjon** syner sjølv drifta, medan **Finans – annet** syner effekten av endring i frie inntekter (rammetilskot og skatt), renter og avdrag, premieavvik pensjon og finansiell egedelar som Hemsedal Energi.

Av budsjettert ramme på 25,4 mill. syner **Sentraladministrasjonen** eit netto mindreforbruk på 2,5 mill. på trass av 200' i auka kostnader knytt til virusutbrotet. Det er nedgang i lønskostnader på 2 mill. som følgje av fleire månader med vakanser på økonomi og arkiv. Teknisk sjef fungerte òg ein periode som rådmann, medan lønen vart ført i teknisk etat.

Samstundes har sentraladministrasjonen i 2020 hatt auka oppgåver knytt til virusutbrotet, innføring av eigedomsskatt og ny kommunelov. Mellom anna har tenestetorget i 2020 handtert ein auke i henvendingar med 10.127 telefonar mot 8.713 året før. Staben har medverka tverrfaglig med tilsyn, informasjon internt og eksternt og til næring, og gjennomføring av digitale folkemøter. Økonomikontoret har behandla 20.837 utgåande fakturaer, mot 13.280 året før (+56 %). Løn og personal har handtert fleire regelendingar knytt til koronasituasjonen og gjennomført rekruttering av kommunedirektør og økonomisjef.

<i>Alle tal i heile 1.000 kroner</i>	År 2020	Budsjett	Oppr.budsj.	I fjor	Avvik R-B
Løn og sosiale, inkl. sykeløns- og fødselsrefusjonar	12 186	14 157	15 361	12 731	-1 971
Kjøp av varer og tenester - inngår i komm.egenprod.	4 357	4 545	3 205	5 289	-188
Kjøp av tenester - erstatte komm.egenprod.	6 865	7 281	7 263	6 668	-416
Overføringsutgifter	1 006	838	515	1 008	168
Finansutgifter	0	75	75	3	-75
<b>Sum utgifter</b>	<b>24 414</b>	<b>26 896</b>	<b>26 419</b>	<b>25 700</b>	<b>-2 482</b>
Salsinntekter	376	440	440	370	-64
Refusjonar, eks. sykeløns- og fødselsrefusjonar	1 129	1 060	737	1 174	69
Overføringsinntekter	-	-	-	1	-
Finansinntekter og - transaksjonar	23	20	20	65	3
<b>Sum inntekter</b>	<b>1 528</b>	<b>1 520</b>	<b>1 197</b>	<b>1 610</b>	<b>8</b>
<b>Sentraladministrasjon</b>	<b>-22 886</b>	<b>-25 376</b>	<b>-25 222</b>	<b>-24 091</b>	<b>2 490</b>

**Finans – annet** syner eit netto mindreforbruk på 1,4 mill.

Det er inga tilsett i denne eininga, men den årvisse endringa i pensjonskostnader vert ført her for å ikkje påverka ramma for verksemdene. I 2020 var pensjonsendringa på 6,9 mill.

<i>Alle tal i heile 1.000 kroner</i>	År 2020	Budsjett	Oppr.budsj.	I fjor	Avvik R-B
Løn og sosiale, inkl. sykeløns- og fødselsrefusjonar	-6 927	-	-	-5 722	-6 927
Kjøp av varer og tenester - inngår i komm.egenprod.	2	-	-	-	2
Kjøp av tenester - erstatte komm.egenprod.	300	-	-	300	300
Overføringsutgifter	1 126	-	-	925	1 126
Finansutgifter	59 075	39 466	29 377	38 479	19 609
<b>Sum utgifter</b>	<b>53 576</b>	<b>39 466</b>	<b>29 377</b>	<b>33 981</b>	<b>14 110</b>
Salsinntekter	9 011	-	-	10	9 011
Refusjonar, eks. sykeløns- og fødselsrefusjonar	75	-	-	75	75
Overføringsinntekter	201 168	188 585	183 807	175 054	12 583
Finansinntekter og - transaksjonar	32 359	38 500	26 224	39 438	-6 141
<b>Sum inntekter</b>	<b>242 613</b>	<b>227 085</b>	<b>210 031</b>	<b>214 577</b>	<b>15 528</b>
<b>Finans - annet</b>	<b>189 037</b>	<b>187 619</b>	<b>180 654</b>	<b>180 596</b>	<b>1 418</b>

Finansutgiftene er 19,6 mill. høgare enn budsjett.

Renter er 1,6 mill. lågare som følgje av nedgang i rentesats.

Avskrivningane er 3,6 mill. høgare. Lågt budsjettet. Dette påverkar derimot ikkje resultatet, da finansinntektene vart redusert tilsvarande auke i finansutgiftene.

Avsetjing til disposisjonsfond er 17,4 mill. høgare som følgje av auke i netto driftsresultat. I tråd med ny kommunelov skal mindreforbruk no avsett direkte til disposisjonsfond.

Inntekt frå sal av kraft gjennom Hemsedal Energi vart tidlegare ført som utbytte. Etter omlegging til AS er desse inntektene reklassifisert som salsinntekt. Det aukar årets salsinntekter med 9 mil, og reduserer

finansinntekter tilsvarande. Forvaltningshonorar på 0,3 mill. og skatt på sal av kraft 1,05 mill. belastar kjøp av tenester og overføringsutgifter.

Dei store endringane i overføringsinntektene kjem som følge av endringar i rammetilskot og skatt, og innføring av utvida eigedomsskatt som omtalt i tidlegare avsnitt.

## 5.7.2 Kultur og oppvekst

*Alle tal i heile 1.000 kroner*

	År 2020	Budsjett	Oppr.budsjett	I fjor	Avvik R-B
Løn og sosiale, inkl. sykeløns- og fødselsrefusjonar	63 547	61 339	61 589	62 802	2 208
Kjøp av varer og tenester - inngår i komm.egenprod.	7 526	6 244	5 620	8 122	1 282
Kjøp av tenester - erstatter komm.egenprod.	4 421	3 132	3 132	2 784	1 289
Overføringsutgifter	4 258	3 544	3 112	4 836	714
Finansutgifter	3 083	-	-	544	3 083
<b>Sum utgifter</b>	<b>82 836</b>	<b>74 259</b>	<b>73 453</b>	<b>79 089</b>	<b>8 577</b>
Salsinntekter	5 148	5 469	6 470	6 272	-321
Refusjonar, eks. sykeløns- og fødselsrefusjonar	9 984	1 889	1 713	7 857	8 095
Overføringsinntekter	1 466	-	-	498	1 466
Finansinntekter og - transaksjonar	147	-	-	480	147
<b>Sum inntekter</b>	<b>16 745</b>	<b>7 358</b>	<b>8 183</b>	<b>15 108</b>	<b>9 387</b>
<b>Kultur og oppvekst</b>	<b>-66 091</b>	<b>-66 901</b>	<b>-65 270</b>	<b>-63 981</b>	<b>810</b>

Kultur og oppvekst syner eit samla mindreforbruk på 0,8 mill. trass i 0,9 mill. i auka kostnader knyta til virusutbrotet.

Det er eit mindreforbruk i leining og kultur, Ulsåk skule og barnehage. Mens det er eit meir forbruk på HBU, Tuv skule og barnehage.

Mindreforbruket kjem hovudsakeleg som følge av lågare forbruk innan kultur. Arrangement vart avlyst og tilsetting av kultursjef utsett.

Meirforbruk på løn på 2,2 mill. må sjåast i samanheng med auke i refusjonar. Løn og tilskot knytt til vidareutdanning er ikkje budsjettert. Det er motteke tilskot for vidareutdanning for fem tilsette i barnehagen og fire tilsette i skulen. Det gjeld også refusjon frå kommunar som har fosterheimsplasserte barn i vår kommune. Det er òg motteke fleire tilskot knytt til ulike prosjekt. Desse har vorte utsett grunna virusutbrotet. Finansutgifter på 3,0 mill. er overføring av ikkje nytta tilskotsmidlar til bundne fond.

### 5.7.3 Helse og omsorg

Alle tal i heile 1.000 kroner

	År 2020	Budsjett	Oppr.budsj.	I fjor	Avvik R-B
Løn og sosiale, inkl. sykeløns- og fødselsrefusjonar	67 302	62 494	61 192	65 470	4 808
Kjøp av varer og tenester - inngår i komm.egenprod.	7 810	4 329	3 927	6 928	3 481
Kjøp av tenester - erstatter komm.egenprod.	27 572	16 436	16 436	17 894	11 136
Overføringsutgifter	1 772	1 691	1 601	1 922	81
Finansutgifter	1 580	-	-	799	1 580
<b>Sum utgifter</b>	<b>106 036</b>	<b>84 950</b>	<b>83 156</b>	<b>93 014</b>	<b>21 086</b>
Salsinntekter	4 662	5 163	5 163	5 673	-501
Refusjonar, eks. sykeløns- og fødselsrefusjonar	24 600	9 378	9 288	12 776	15 222
Overføringsinntekter	939	-	-	154	939
Finansinntekter og - transaksjonar	523	-	-	1 690	523
<b>Sum inntekter</b>	<b>30 724</b>	<b>14 541</b>	<b>14 451</b>	<b>20 293</b>	<b>16 183</b>
<b>Helse og omsorg</b>	<b>-75 312</b>	<b>-70 409</b>	<b>-68 705</b>	<b>-72 721</b>	<b>-4 903</b>

Helse og omsorg syner eit meirforbruk på 4,9 mill.

Hovudårsaken til det høge meirforbruket er auka kostnader til barneverntenesta. Det er eit meirforbruk på 4 mill. grunna plasseringar. Det er ei pågåande tvistesak med ein annan kommune om refusjon av 2 mill.

Koronarelaterte kostnader var på 2,6 mill. for året. 2,1 mill. kjem som følgje av auke i løn og kjøp av tenester frå kommuneoverlege og 0,6 mill. i kjøp av utstyr. Eininga fikk 1,7 mill. i auka ramme i revidert budsjett, så det er eit meirforbruk på berre 0,9 mill. for året.

Den øvrige auka i løn må sjåast i samanheng med auke i refusjonar på 6 mill. Kommunen har motteke fleire prosjekttilskot som ikkje låg inne i budsjett. Som følgje av virusutbrotet har ikkje alle prosjekta blitt gjennomført som planlagt, og avsetjing til bundne fond har auka deretter.

2,2 mill. av auka i refusjonar er refusjon av kostnader til ressurskrevjande brukarar i 2019. Refusjonskrava vert berekne etterskotsvis, og endeleg søknad er ikkje klar før etter ferdigstilling årsrekneskapen. Avsetjinga for 2020 er på 7,35 mill. Det er 1,3 mill. høgare en dei siste berekningar.

Auka i kjøp av tenester som erstattar kommunal eigeproduksjon på 11,1 mill. må òg sjåast i samanheng med auke i refusjonar. Kjøp av tvungen omsorgsteneste i anna fylke låg ikkje inne i budsjett. Desse kostnadene vert refundert av staten. Det er difor ein samla auke i refusjonar på 15,2 mill.

Det har vore eit mindreforbruk på 0,7 mill. til augeblikkeleg hjelp – døgntilbod.

Helse og omsorg har ein nedgang i inntekter frå eigenandelar på 0,4 mill.

## 5.7.4 Teknisk

Alle tal i heile 1.000 kroner

	År 2020	Budsjett	Oppr.budsj.	I fjor	Avvik R-B
Løn og sosiale, inkl. sykeløns- og fødselsrefusjonar	22 096	25 148	25 046	23 601	-3 052
Kjøp av varer og tenester - inngår i komm.egenprod.	21 583	19 897	19 423	18 793	1 686
Kjøp av tenester - erstatter komm.egenprod.	15 016	14 135	14 135	12 005	881
Overføringsutgifter	7 923	6 820	3 841	5 547	1 103
Finansutgifter	7 887	3 020	3 020	7 316	4 867
<b>Sum utgifter</b>	<b>74 506</b>	<b>69 020</b>	<b>65 465</b>	<b>67 261</b>	<b>5 486</b>
Salsinntekter	33 944	34 034	34 034	36 805	-90
Refusjonar, eks. sykeløns- og fødselsrefusjonar	10 035	3 945	3 866	4 106	6 090
Overføringsinntekter	3 118	3 088	3 088	3 115	30
Finansinntekter og - transaksjonar	2 661	3 020	3 020	3 431	-359
<b>Sum inntekter</b>	<b>49 758</b>	<b>44 087</b>	<b>44 008</b>	<b>47 458</b>	<b>5 671</b>
<b>Teknisk</b>	<b>-24 748</b>	<b>-24 933</b>	<b>-21 457</b>	<b>-19 804</b>	<b>185</b>

Teknisk syner eit mindreforbruk på 185' etter overføring til bundne fond for sjølvkost på til saman 2 mill. Det underliggjande mindreforbruket er på 2,2 mill.

Løn og sosiale kostnader er 3 mill. lågare enn budsjett som følgje av langtidsfråvere og vakansar i stillingar knytt til plan og byggjesak, landbruk og næring.

Samstundes har eininga hatt auke i arbeidsmengde knytt til virusutbrotet med fleire utdelingar av midlar til næringslivet. Behandlinga vart ferdigstilt i 2020, mens utbetalinga skjer i 2021. 2,8 mill. er overført til bundne fond, og utgjer saman med overføring til sjølvkostfond, meirforbruket på 4,8 mill. på finansutgifter.

Eigedom har gjennomført ein større vedlikehaldsjobb på kommunehuset. Det har inga resultat effekt da det er finansiert av ekstra vedlikehaldstilskot, men både kjøp av varer og tenester og refusjonar aukar med 1,7 mill.

## 5.8 Investeringsrekneskapen

Sum investeringar i varige driftsmidlar var på 26,9 mill. i 2020. Det er 29,1 mill. lågare enn budsjett. Avviket kjem som følgje av at dei fleste prosjekta har hatt lågare framdrift enn planlagt. Hemsedal er ei kommune i utvikling, og det er fleire store investeringsprosjekter som vert gjennomført på same tid. Med avgrensa administrative ressursar påverkar dette evna til gjennomføring - dette er noko av forklaringa på at ikkje budsjettert ramme er nytta.

Prosjekt 108 Høgdebasseng Holdebakken har hatt høgare framdrift, og har difor eit meirforbruk på 2,3 mil i høve k-sak 50/20. Samla sett er prosjektet innafor totalramma.

Meirforbruk på 1 mill. på prosjekt 142 Gang-/sykkelveg Moavegen – Lauparvegen er opprinneleg i tråd med F- sak 25/2018 som formannskapet fatta med heimel i Kommunelova §13. I k-sak 139/20 vart det gjort vedtak om overføring av unytta investeringsmidlar, men desse er ikkje ført mot p-nr. 142.

Grunnkjøp inkl opparbeiding av bustadfeltet BU7 vart stoppa, og overført til privat utviklar. Dette vart fanga opp revidert budsjettvedtak jfr. k-sak 68/20, men er ikkje oppdatert i revidert budsjettoppsett.

Jfr. budsjettbehandling 2021 vert ikkje p.nr. 58, nytt avløpsanlegg på Tuv gjennomført, men i staden erstatta med eigen VA- leidning mellom Tuv og Trøym.

	Gjennomført som planlagt innafor vedteke ramme
	Ikkje gjennomført som planlagt, men ikkje vesentleg avvik
	Ikkje gjennomført, vesentleg avvik


Prosjekt	Rekneskap	Budsjett	Rest
007 Veglys	209 655	1 846 000	1 636 345
008 Sentralskule med trafikkareal	5 142 647	19 125 000	13 982 353
009 Parkering og lys Tuv oppveksts.	-	62 000	62 000
010 Krikken ny drikkevasskilde	1 470 519	1 600 000	129 481
020 Gamle Venås bru - overtak og sikring	331 250	300 000	-31 250
025 Bruøyne med friområder	349 125	103 000	-246 125
038 Asfaltering Svøo III bustadfelt	580 364	1 000 000	419 636
039 Utbreiing Øynevegen - trafikksikring	645 365	600 000	-45 365
053 Ny driftskontroll komm. VA-anlegg	2 152 624	2 350 000	197 376
055 Rehabilitering ledningsnett m.m.	167 653	600 000	432 347
056 Utviding av returpunkt Holdebakken	176 208	2 000 000	1 823 792
057 Velferdsteknologi - helse og omsorg	-	350 000	350 000
058 Nytt avløpsanlegg Tuv	-	2 000 000	2 000 000
062 Avløpspumpestasjon Elvely	971 361	1 200 000	228 639
108 Høgdebasseng Holdebakken	10 644 509	8 300 000	-2 344 509
113 Grunnkjøp skole	818 313	-	-818 313
114 Grunnkjøp BU7	-	8 943 000	8 943 000
115 Utvikling av bustadfelt BU7	66 291	700 000	633 709
116 Øya Camping	23 363	-	-23 363
142 Gang-/sykkelveg Moavegen-Lauparv.	1 069 292	-	-1 069 292
143 Utbygging Fiskum (Trøim sør)	108 490	288 000	179 510
150 Veg og VA, Haugsv., Tunsv. og Trøimsv.	1 010 450	700 000	-310 450
157 Omsorgsbustader - nye Bråtenjordet	341 776	1 625 000	1 283 224
189 Ombygging helsesenter - covid-19	330 670	1 375 000	1 044 330
250 Golf Alpin	257 690	625 000	367 310
251 Grunnkjøp diverse	-	100 000	100 000
252 Hengebru Mørkedøla, Rjukandefoss	-	60 000	60 000
253 Elektronisk bom - Ulsåk	-	125 000	125 000
<b>Sum investering i varige driftsmidler</b>	<b>26 867 615</b>	<b>55 977 000</b>	<b>29 109 385</b>

## 5.9 Balansen

### 5.9.1 Fondskapital

Hemsedal kommune har følgjande midlar på kapitalfond i balansen pr. 2020.

- 4,2 mill. i bundne investeringsfond. Tilskot eller gåva gitt til eit bestemt investeringsføremål.
- 38,3 mill. i ubundne investeringsfond. Frå sal av anleggsmidlar (primært tomter). Kan nyttas til finansiering av framtidige investeringar.
- 28,9 mill. i bundne driftsfond, kor 12,6 mill. er fond knyta til sjølvkostområde. Øyremerka midlar motteke med binding for bruk i driftsrekneskapen. Har auka kraftig i 2020 som følgje av at fleire prosjekter vart utsetje.
- 73,6 mill. i disposisjonsfond. Kan fritt brukas til både drift og investeringar.



Disposisjonsfond i % av sum driftsinntekter de siste fem åra:


År 2015	År 2016	År 2017	År 2018	År 2019	År 2020
11,8 %	13,6 %	18,7 %	19,6 %	18,4 %	23,3 %

Hemsedal kommune har byggja opp eit solid disposisjonsfondet, og er såleis godt sikra i åra som kjem mot uventa utgifter, midlertidig inntektssvikt, høgare renter eller negative endring i pensjon.

### 5.9.2 Lånegjeld

Hemsedal kommune lånar pengar til vidareutlån (startlån), finansiering av sjølvkost-investeringar og til finansiering av egne investeringar. Sjølvkostlån blir ikkje lånt særskilt og må bereknast ut frå aktivitet. Beløpet er difor stipulert.

Ved utgangen av året var sum lånegjeld 200,3 mill. mot 187,3 mill. ved inngangen av året. Gjelda fordelar seg som følgjer:



87 % av lån er til flytande rente.

8 % av lån er til fastrente 2,00 % og 5 % av lån er til fasterente 2,41 %.

Langsiktig gjeld, eks. pensjons, i prosent av brutto driftsinntekter ligg på eit snitt på 111 % på landsbasis. I Hemsedal kommune var det tilsvarande talet på 65 % i 2020 (justert for salsinntekter frå Hemsedal Energi.)

Med andre ord, kommunen har ei lågare gjeldsgrad enn snittet av kommunane, og er såleis betre rusta for høgare låneopptak i åra som kjem.

### 5.9.3 Andre fordringar

(NOK 1 mill.)	År 2015	År 2016	År 2017	År 2018	År 2019	År 2020
Kortsiktige fordringar	18,4	37,1	17,0	22,7	35,3	39,9

Auka i kortsiktige fordringar i 2020 skuldast i all hovudsak utsending av faktura for eigedomsskatt seint i desember. Auka i 2019 skuldast endra rutinar for overføring frå Hemsedal Energi KF.

Bokført tap på krav i 2020 er på 7.492,- mot 42.913,- året før. Det er gode rutinar for oppfølging av uteståande.

## 6 Hemsedal kommune i eit økonomisk perspektiv

Trass i solide resultat i 2020 er det økonomiske utfordringsbildet for Hemsedal kommune uendra. Framleis vekst i folketal og høge investeringar med auke i renter og avdrag, vil prege kommuneøkonomien i åra som kjem. Samstundes er det knytt uvisse til auke i skatteintekta dei neste åra, og dei statlege overføringane til kommunen er venta å avta.

Samanlikna med andre kommunar har Hemsedal kommune god økonomi, med høg del fond og låg gjeldsgrad. Men reservane er ikkje så store at dei toler fleire år med underskot. For å sikre ei langsiktig og berekraftig økonomi vil kommunen sjå nærare på den underliggjande drifta i året som kjem, med tanke på å halde driftsutgiftene nede og tenestetilboda oppe.